



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

21. mars 2016

NVE

## **Fråsegn om konsesjon for tre nye småkraftverk i Stranda kommune.**

Viser til dykkar ref. 200803356-16

Ordninga med «grøne sertifikat» har ført til ei bølge av nye småkraftverk på Sunnmøre dei siste åra. Naturvernforbundet har engasjert seg i omlag 40 av desse, og vurdert dei som gode, mindre gode og heilt uakseptable prosjekt.

Vi ser no, når fristen for å komme inn i sertifikatordninga ebbar ut, at det vert fleire av dei dårlege prosjekta som søker konsesjon.

Regionen vår har god nok tilgang på elkraft i dag. Det Grøne Skiftet som vi står framfor må etter vårt syn ha to siktemål; Mindre energibruk og bevaring av det biologiske mangfaldet.

Først vil vi gå inn på tre tema, der bekymringane våre er av generell karakter, men har direkte relevans for vurderingane våre av dei tre omsøkte kraftverka.

### **1. Om samla belastning.**

Den massive utbygginga av vassdrag på Sunnmøre gjør vurderingane av samla belastning (SB) sær viktig. Handsaminga av fleire prosjekt i same pakke legg opp til dette, og vi vert i høyringsbrevet frå NVE oppmoda om å seie noko om «alle sakene samla dersom det er aktuelt».

Bærekraftig Investering sin rapport til Mdir, BI 2015/1 «Metoder for vurdering av samla belastning i Hordaland» foreslår ei grundigare og meir systematisk kartlegging av sum-verknad og SB enn det vi har sett til no.

Rapporten foreslår ein prosess der ei «SB-bestilling» av viktige naturtypar vert gjort av faginstansar før høyringsrunden. I Stranda-pakken er det frå NVE, ikkje peika på bestemte artar eller naturtypar som er aktuelle for SB-vurdering. Vi vil peike på to, og krevje ei grundigare SB-vurdering av desse;

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost [moreromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

### Fossefallbestanden og inngrepsfrie fjellandskap (INON).

Det er fossefall i alle dei tre vassdraga. INON- problematikken gjeld Hauge.

*« Naturmangfoldlovens krav til analyse av samlet belastning bør brukes både på sjeldne naturtyper og truede arter, og på uberørt natur i sin alminnelighet. Det bør avtales sentralt en systematisk SB metodikk i fylkesmannens behandling av sakene. Analysen i Hordaland illustrerer for øvrig viktigheten av fjellandskap og villmark i verdsetting av urørt natur og svakheten med dagens forenklete analyser.» (Sit. BI-rapporten).*

Landskapet i Hordaland (Øystese) kan minne mykje om dei indre fjordstroka på Sunnmøre. Med ein topografi som gjer dei nasjonale INON-kriteria lite tenelege. Her er små inngrepsfrie areal, og få km frå fjord til fjord.

Avgrensinga av områda som vert vurdert kan ikkje gå etter kommune- eller fylkesgrenser, men *«Det er viktig å definere store analyseområder heller enn begrensede landskapsrom eller mindre arealer i valg av analyseområde»* (sitat rap.)

Vi er samd i rapporten si vurdering av det spinkle kunnskapsgrunnlaget for dei fleste SB-vurderingane i dag, og vi har ikkje grunn for å tru at Stranda-pakken skil seg positivt ut.

*«Dagens informasjon i søknadene, dvs. kunnskapsgrunnlaget, er som regel ikke fullstendig eller godt nok til å gjennomføre gode SB-analyser. Det trengs mer konkrete krav til kunnskapsinnhenting av beslutningsrelevant informasjon gjennom nye veiledere, for eksempel innenfor landskap og friluftsliv.»* (Sit. Rap.)

I tråd med denne tilrådinga kunne vi og ha kravd SB-vurdering på tema som «Elvar på Nord-Vestlandet som er egna for padling», «uregulerte fiskevatn i høgfjellet på Sunnmøre», «Elvar på Sunnmøre med stor bekkørret». Det vil være å ta friluftslivet på alvor.

Andre tema kunne ha vore SB-konsekvens for berørte raudlista naturtypar som Elveløp, og Fosseberg og fosseeng. Dette har stor relevans for Langedalselva.

## **2. Om kartlegging av biologisk mangfald.**

Høyringsperioden for desse fem tiltaka er lagt til ei tid då det er uråd å verifisere, supplere eller korrigere den biologiske kartlegginga. Høyringspartane må lite på kvaliteten av rapporten som ligg ved konsesjonssøknaden.

Då NVE- Rapport 102 / 2015 (Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging) kom, vart vi ikkje overraska over dei tydelege funna. Vi har i mange høyringar vore kritiske til kvaliteten og omfanget av den biologiske kartlegginga. Kritikken og endringsframlegga frå Miljøfaglig Utredning A/S treng vi ikkje referere.

Norges Naturvernforbund sentralt har krevd ein stans i tildeling av småkraftkonsesjonar fram til det er etablert rutiner for biologisk kartlegging som sikrar ein truverdig fagleg kvalitet. NVE imøtegår kritikken vår med å vise til at dei gjer sine egne uavhengige vurderingar, og at dei sit på naturfagleg kompetanse som kan kvalitetssikre / overprøve rapportane. I så fall må NVE-fagfolka gjere sine egne kartleggingar for å avdekke behov for tilleggssrapportar. NVE er ikkje tydeleg på forskjellen mellom kartlegging,- og synfaringa sakshandsamarane er ute på. Det er miljørapporten som skal være faktagrunnlaget som høyringspartane kan basere seg på, og den må NVE kunne gå god for.

### **3. Om inngrep, tilbakeføring og tilsyn.**

Vi fryktar stygge varige spor i landskapet, sjølv om søkjar lovar «terrengoppussing og revegetering» (sit. søknad Langedalselva), og «en adkomstvei av enkel standard».....»Framkommelig i driftsfasen med kjøretøy av type ATV eller lignende» (Sit. søknad Hauge).

Også her vil vi vise til ein NVE-rapport; Miljøbasert vannføring 2010 / 2 som peiker på at veganlegg og røyrgetrasear har gitt større negative konsekvensar enn forventa ved utbygging av småkraftanlegg. Dei endrar ofte landskapsbiletet i større grad enn redusert vassføring i visuelle fossestryk.

Ved eit par høve har vi tatt opp med NVE si tilsynsavdeling korleis krava om tilsåing, attgroing og «tilbakeføring til «ein kjøresterk del av terrenget» har blitt følgd opp og kontrollert etter at anleggsfasen var avslutta. Erfaringane frå m.a. Standal og Urke gjer oss svært skeptiske til oppfølging av konsesjonsvilkåra og presisjonsnivået i krava til tilbakeføring og tilstelling. Dette biletet frå Urkedalen, tatt 7 år etter at kraftverket er satt i produksjon, viser ein veg som «i størst mogleg grad skal tilbakeførast til terrenget « (sit. Konsesjonsvilkåra) fordi ein annan veg kan nyttast fram til inntaket etter anleggsperioden.

Veg mot inntaket  
til Urke kraftverk.  
Langseterdalen.  
Tilbakeført til  
terrenget?



### **Røyrhus kraftverk.**

Denne søknaden ser vi som lite konfliktskyld.

#### **Landskap.**

I Røyrhusdalen er dei største landskapskvalitetane knytt til fjellandskapet over tregrensa og i

vassdraget oppstraums det planlagde inntaket. Særleg den meanderande delen av elvestrekninga. Slike landskap er det ikkje mange av i vårt område. Tiltaket kjem i eit område utan store kvalitetar for friluftsliv og rekreasjon. Eit område prega av andre inngrep.

### **Fossefall.**

Det mest sårbare er bestanden av fossefall.

Her viser vi til vårt «bekymringstema» 1., og ser fram til ei eigen SB-vurdering.

Avbøtande tiltak for arten må komme klart fram i eventuelle konsesjonsvilkår. Dei må være konkrete, kontrollerbare og utforma av kompetente ornitologar.

### **Aure.**

Vi ser og at elva oppstraums inntaket kan være eit viktig oppvekstområde for auren som tilflyter resten av vassdraget, og at ei regulering kan virke negativt på aurebestanden nedover Langedalselva.

### **Inntak, myr og vegetasjon.**

Vi meiner inntaket må leggest rett på nedsida av den lille fossen, moglegvis som ein kunstig foss. Det bør bli vurdert om Coanda-inntak kan være den beste løysinga her. Det vil bygge lågare i terrenget, og meir botnsubstrat vil følgje vasstraumen nedover. Til glede for fossefall og fisk. Ein 3 meter høg betongmur vil skjemma landskapet rundt fossen der inntaket er tenkt. Kan bruk av naturstein eller andre estetiske «tricks» bøte på dette? Kraftstasjonen må leggest på austsida av hovudvegen, og utløpet til elva må kome noko på oversida av brua. Ved bygging av tilkomstveggar og røyrgate må ein ta omsyn til at her er myr som ikkje må drenerast, og at stadeigen masse vert teken vare på til revegetering / istandsetting av inngrepa.

Om det vert tatt omsyn til det vi her har peika på, - og sumverknad vert sett i samanheng med dei andre søknadane, **har vi ikkje innvendingar mot at Røyrhus kraftverk får konsesjon.**

## **Langedalselva kraftverk.**

### **Landskap.**

Den delen av Langedalselva som er omfatta av den planlagde nedbygginga er eit uvanleg dramatisk og trolsk landskap. Juva og kulpane i Langedalselva er naturrom som vanlegvis er utilgjengelege for folk flest. Men på denne strekninga kan dei fleste fote seg fram til spektakulære naturopplevingar. Nokre stader kan vi berre ane kva som er skjult der det er uframkommeleg. Dette er i seg sjølv ein kvalitet. Å nå fram til grensa av det framkommelege, - for der å høyre fosseduren, sjå fosserøyken, - og kanskje stor aure, fossefall, oter og ørn.

Med varsam tilrettelegging kan turistar, fiskarar, padlarar, fotografar, juverar, klatrarar, dei som vil ha seg eit spektakulært bad, og dei som berre vil sjå, - få ei oppleving av ein landskapstype som det er lite igjen av.



### **Biologisk mangfald**

Vassdraget er vanskeleg å undersøke for biologisk mangfald. Men det vi ser tyder på at det er langt fleire raudlista artar og naturtypar enn på dei fleste prosjekta vi har sett siste åra. Potensialet for å finne meir enn det som er klarlagt er truleg betydeleg. I den gamle utilgjengelege skogen, og i dei brattaste floga. Dette peikar også den biologiske rapporten på i punkt 4.4.

Legg vi så til tvilen om kartlegging som vi peikar på i vårt «bekymringspunkt» 2. over, så har vi argument nok for å rå frå søknaden for å sikre det biologiske mangfaldet. Vi minner om føre- var prinsippet i naturmangfaldsloven, og om kravet vårt om ei uavhengig SB-vurdering av fossekallen si framtid.

### **Samla belastning.**

Søkjaren gjer eit prisverdig forsøk på vurdering av samla belastning av 7 tema, men dette vert for spinkelt.

Vi er usamde både i avgrensingane av område som vert vurdert (t.d. Stranda kommune som eit område) og i konklusjonane. Skal ein utgreie SB må ein velje ut færre tema og gå djupare ned i materien. Eit døme på god SB-utgreiing er Miljøfagleg Utredning si vurdering av SB av fem småkraftverk si belastning av landskapet i Hjørundfjorden (Rap. 2012- 31)

Dette har vi drøfta i «bekymringspunkt» 3.

### **Friluftsliv.**

Under tema «Brukarinteresser» er to aktivitetar nemnde; Fritidsfiske og padling.

At den øvre delen av Langedalselva, og som no er regulert og ikkje er brukbar for padling, var den beste, må legge press på oss til å ta vare på dei nest beste. Gode parti av Bygdaelva er også regulert (Stadheim kraftverk) og ikkje aktuelle for padling. Det er «reststrekninga» som no blir brukt i konkurransar.


«Langedalselva var legendarisk god før Litlebø kraftvek kom» sa ein av padlenestorane i Norge til

oss. «No har vi nokre rest-strekningar att».

Fiske vert og tendensiøst negativt omtalt; Aure vert småaure, han har ikkje økonomisk verdi og slikt fiske har ikkje potensiale som aktivitet for turistar.

Den som har stått ved ein trolsk høl med markastang og fiska hanka full av feit aure opp mot halvkiloen veit at dette har verdi, og at kr. og kg ikkje er rett målestokk på verdien.

Å verne desse fossane, stryka, juva og hølane er kulturvern. Dei har vore sterke identitetsmarkørar for folket i Synnylvn, og for nye generasjonar vert dei kanskje også attraktive som arena for isklating, juving, og padling. Kanskje vil også nokre av turistbussane på veg til Hellesylt legge opp til ein rast med innlagt kredefiske?



Vilt og vakkert.

Vi argumenterer ikkje meir enn dette, og NVE får orsake oss når vi vert noko kjenslestyrte og poetiske i argumentasjonen for at den uregulerte delen av Langedalselva fortsatt skal få renne fritt.

**Vi må rå frå at Langedalselva kraftverk får konsesjon.**

## **Hauge kraftverk.**

### **Landskap.**

Landskapet dette tiltaket grip inn i kan avgrensast til fjellområdet mellom Langedalen, Synnylvsdalen (?), Frøysadalen, Røyhusdalen og sørover mot Strynsvatnet. I sunnmørsk målestokk er dette eit stort fjellområde utan tunge inngrep. Inntaket til Hauge kraftverk er planlagt midt inne i dette området. Både inntaket og vegen opp til inntaket vil være eksponert frå mange av fjelltoppane rundt Hagedalen, og frå fjella som grensar mot Geirangerfjorden.

4-5 m høg betongmur i 30 m lengde er eit massivt inngrep i eit ope fjellandskap. I tillegg kjem tilkomstveg og røyrtrasse. Så kjem «*en lav terskel og et frostfritt inntak i bekken ca kote 705*».

Kor vegen oppover i lia mot Hugedalen skal gå, og korleis han skal utformast, kjem dårleg fram i søknaden. Det skal bli ein veg «*av enkel standard langs rørtraseen*». Og «*røret legges mest mulig rettlinjet*».

Vi har gått og klatra langs det vi kunne lese oss fram til som den rette lina, og forstår ikkje korleis ein kjørbar veg kan leggst her. Vi reknar med at NVE vil sette fram krav om ei meir detaljert framstilling av vegen mellom kraftverk og inntak. Det er ikkje presist nok å seie at «bredden blir tilpasset det utstyret som blir brukt». Vi viser til vårt bekymringspunkt 3.

Vi undrar oss også over korleis røyrgate kan gravast ned, slik at «*de synlige effektene av inngrepet dempes*». Langs elva er det mykje berg, og lite å grave i. Det vert truleg meir sprenging enn «*noe*» (sit. Søknad 2.2.5). Inngrepet i form av røyrgate og veg reknar vi som særleg stort og vanskeleg for dette prosjektet. Både Haugesetra og Haugedalen har kvalitetar som gjer at dei er verdsett som B-lokalitet (Viktig) i Naturbase. Haugedalen både med INON-sone 1 og 2.

Desse områda må fortsatt få ligge veglause. Eller for å sitere Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområder i Møre og Romsdal: «***Større inngrepsfrie naturområde skal forvaltast på ein heilskapleg og planmessig måte, slik at ikkje bit-for-bit inngrep over tid gjer det umogleg å oppretthalde tilstrekkeleg med inngrepsfri natur i fylket.***



Kvar kjem vegen?

### **Samla belastning.**

I kapittel 3.20 drøftar søkjaren eventuelle konsekvensar for samla belastning. På temaet Landskap

vert berre ein dimensjon kommentert; påverknad på synlege fossar. Tema som veganlegg og redusert INON-areal vert ikkje kommentert.

For oss er dette to hovudtema, og vi tar opp att kravet om ei eigen SB-vurdering av inngrepsfrie fjellandskap og fossefall.

### **Biologisk mangfald.**

Dette er ei ganske lang elvestrekning, som er viktig å ha intakt for fossefallet. Han brukar ulike deler av elva til ulike tider.

På Hagestølen er det betydelege areal med naturbeitemark. Området ser ut til å ha godt beitetrykk. Når det stadig går sau i området, er det ofte vanskeleg å gjere gode observasjonar av artsgrupper som beitemarksopp. Det er grunn til å tru at ein del artar finst i områda som blir råka av graving i stølsområdet. Vi vurderte det også slik at det kan vere noko potensiale for kvitkurle mellom stølen og inntaket. Opplysningane om fiskebestanden i Hagevatnet skulle og vore meir utfyllande.

I kapittel 2.5.7 vert forholdet til EU sitt vanndirektiv omtalt. Det vert konstatert at Hagedalselva ikkje konkret er nemnt. Det er rett, men det betyr ikkje at ho er fritaken dei same standardane og miljømåla som dei andre vassførekomstane i regionen.

Alle publikasjonar frå Vassregion Møre og Romsdal peiker på at i vårt fylke er vasskraftutbygginga ein hovudårsak til modifiserte og sterkt modifiserte vassdrag. Hageelva har i dag «svært god økologisk tilstand» (Vassregion-omgrep), ein kjem ikkje vassdirektivet sine målsetjingar i møte med å bringe den inn på lista med kategorien «modifiserte vassdrag med dårleg økologisk tilstand».

**Av omsyn til store landskapsverdiar og biologisk mangfald må vi rå frå at Hage kraftverk får konsesjon.**

### **Storfossen kraftverk.**

Slik vi vurderer dette prosjektet vil det først og fremst vere reiselivsverdiar som blir råka av dette prosjektet. Det får reiselivsverksemdene sjølv vurdere verdien av og kjempe for. Vi har ikkje brukt tid på dette prosjektet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar

Knut Festø  
sakshandsamar